



Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Eide, 71 25 84 33

Molde kommune Reguleringsplan for E39 Bølsønes - trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til vår motsegn datert 13. mai 2022 som gjeld støyavklaring for reguleringsplan E39 Bølsønes.

Etter dialog har Statens vegvesen den 3. juni 2022 sendt over revidert støyføresegn § 3.2 og med oppmoding om å trekke vår motsegn. I brevet er det gitt ei nærare avklaring kvifor biltrafikken ikkje er valt ført under gang- og sykkelvegen, og der støysituasjonen er eit av fleire tema.

Konklusjon

Statsforvaltaren viser til revidert planføresegn § 3.2 og utgreiing kring støy datert 3. juni, og trekk med dette motsegna til reguleringsplan E39 Bølsønes.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Molde kommune

Fylkeshuset
Rådhusplassen 1

6404
6413

Molde
MOLDE